



Hordaland Fylkeskommune - Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1225 - 14/5298

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
04.04.2014

Gbnr 40/7 - søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet mot sjø og frå kommuneplanen sin arealdel for bygging av veg og parkeringsplass på Espetveit.

Det vert vist til søknad motteke 02.04.2014 frå Fureskjegget AS v/Arkes Bygg AS om dispensasjon for bygging av veg og parkeringsplass på Espetveit, gbnr 40/7.

Plangrunnlag

Omsøkt tiltak (veg og parkeringsplass) er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde). Sjølve naustformålet er i samsvar med arealdelen.

Søknad om dispensasjon.

Det vert i skriv motteke 02.04.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø for bygging av veg og parkeringsplass på eigedomen, sjå vedlegg. For grunngeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 11.12.2013. Det er ikkje motteke merknader/klage frå naboar.

Kommuneplanen og lovgrunnlaget.

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Merknader til motteke søknad om byggjetiltak på gnr.40 bnr. 7 i Meland kommune
20140404095643

Fwd SV SV Merknader til motteke søknad

Kommentar til merkand

Vedlegg 2

Vedlegg 3-4

Vedlegg 1

40-7 1_3000

40-7 teikningar

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune - Regionalavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland Kommunal-/samfunnsplanavdeling	Postboks 7310	5020	BERGEN